

## Kabatina spp.

Soppsjukdom

Venche Talgø og Arne Stensvand, Planteforsk Plantevernet

E-post: venche.talgo@planteforsk.no

### Samandrag

Soppar innan slekta *Kabatina* har i mange år ført til daude nåler og skot på tuja, einer og syress i Noreg. I 2002 vart denne soppen også registrert på skadde nåler av nobeledelgran.

### Summary

*Kabatina* spp. are causing problems on *Abies procera*, *Chamaecyparis lawsoniana*, *Juniperus* spp., and *Thuja* spp. in Norway.

### Vertplanter

I Noreg vart einergreindød (*Kabatina tujae* var. *juniperi*) påvist for fyrste gong i 1981 på einer (*Juniperus communis* m.fl.), medan tujagreindød (*Kabatina tujae* var. *thujae*) vart påvist i 1995 på tuja (*Thuja occidentalis* m.fl.) og syress (*Chamaecyparis lawsoniana* m.fl.). I prosjektet "Kartlegging og bekjemping av skadegjerarar i klyppegrønt- og juletreproduksjonen" vart *Kabatina* funnen i 2002 på nobeledelgran (*Abies procera*) i Vest-Agder (Fig. 1).



Fig. 1. Nobeledelgran frå Vest-Agder med *Kabatina*-symptom. På den forstørtra innfelte nåla er det tett med sporehus. Foto: E. Fløistad

### Symptom og biologi

*Kabatina*-soppane vert rekna som svake parasittar. Dei infiserar ofte plantevev som er skadd etter skjering, skotbrekk, frost, skadedyr og anna, men kan truleg også angripa nye, mjuke nåler og bark som enno ikkje er forveda (lignifisert). Infeksjon av soppen kan skje under fuktige tilhøve gjennom heile vekstsesongen, men symptoma

ser ein ofte ikkje før neste vår. Soppen veks best i milde periodar om hausten, vinteren og våren.

På einer, tuja og syress vert skotspissane fyrst gule før dei ytterste 10-15 cm på årsskota daudar og vert brune (Fig. 2). Soppen angrip berre årsskota og veks ikkje innover til eldre delar av plantene. Overgangen er skarp mellom sjukt og friskt



Fig. 2. Lawsonsypress med angrep av *Kabatina tujae* var. *thuja*. Foto: A. Stensvand

bar. Barken vert litt innsokken i denne overgangen og det dannast små, svarte sporehus (acervuli).

På nobeledelgran vil einiskilde nåler fyrst få lyse flekkar som etter kvart vert brune og flyt saman. Det er typisk at ytre halvdel av nålene vert brune (jf. Fig. 1). Som det innfelte biletet i Fig. 1 syner, dannast sporehusa i det området på nåla som er brunt. Ved harde angrep vert heile nålene brune og fell av. Sporehusa er bitte små, men dei er synlege med ei god handlupe.

Angrep av *Kabatina* på einer, syress og tuja kan forvekslast med angrep av soppene *Phomopsis* og *Pestalotiopsis*. Frostskade, saltskade og næringsmangel kan også gi symptom som liknar angrep av *Kabatina*. I Austerrike er *Kabatina abietis* vanleg på kjempeedelgran (*Abies grandis*), men sjeldnare på nordmannsedelgran (*Abies nordmanniana*) og nobeledelgran.

#### Tiltak

Ein må vera varsam med nitrogen-gjødslinga om hausten, slik at det vert god avmogning før vinteren. Sein avmogning, men også val av dårleg klimatilpassa plantemateriale, kan gi overvintringsskadar og dermed fare for angrep av *Kabatina*. Unngå planting på fuktige, skuggefulle stadar. Angrepne plantedelar bør klyppast bort og fjernast før vekstsesongen for å minska smittepresset. I planteskular kan det vera aktuelt med kjemiske middel, men det vert frårådd i hagar og grøntanlegg.

**Prosjekttittel:** Kartlegging og bekjemping av skadegjerarar i klyppegrønt- og juletreproduksjonen (2001-2003)

**Finansiering:** SND, NGF, eigeninnsats

**Styringsgruppe:**

Harald Rømuld (prosjektansvarleg), Norsk Pyntegrønt  
Inger Hilmersen, Norsk Gartnerforbund  
Tønnes Straum, produsent

Terje Pundsnes (leiar for styringsgruppa), Pyntegrøntringen  
Morten N. Andersen, Det Norske Skogselskap  
Arne Stensvand (fagleg ansvarleg) og Venche Talgø, Planteforsk Plantevernet



Kjem som vedlegg til Norsk Pyntegrønt hausten 2004